

6. Etiske prinsipp for politikarar og tilsette i Herøy kommune

6.1 Prinsipp

Herøy kommune legg stor vekt på å vere ærleg, ryddig og open i all si verksemd. Både folkevalde og tilsette har ansvar for å etterleve dette prinsippet. Som forvaltarar av samfunnet sine fellesmidlar vert det stilt høge krav til den enkelte medarbeidar sine etiske haldningar i si verksemd for kommunen.

Folkevalde og tilsette dannar grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og haldning til kommunen, og skal derfor ta avstand frå og kjempe imot uetisk forvaltningspraksis.

Dette inneber krav til:

6.2 Lojalitet

- a. Tilsette skal i sitt virke for kommunen setje lojalitet til arbeidsgjevar føre lojalitet overfor einskildpersonar, parti, organisasjonar eller andre interesser.
- b. Arbeidstida skal berre nyttast i teneste for arbeidsgjevar. Tilsette skal innrette seg slik at ein er i stand til å fylle arbeidskontrakten med arbeidsgjevar på ein best mogleg måte.
- c. Overhalde lover, forskrifter, reglement og vedtak og ikkje prøve å omgå dei.
- d. Det vert vist til ein kvar tid gjeldande retningsliner når det gjeld lojalitet og ytringsfridom i høve tilsette.

6.3 Objektivitet

- a. Etiske prinsipp for forretningssamarbeid i høve kunde og leverandør skal innarbeidast i kravspesifikasjon ved anbodsutlysing og i kontrakt med leverandøren.
- b. Folkevalde og tilsette i Herøy kommune skal ikkje ta i mot gåver eller andre fordelar som gjev seg sjølv eller andre vinning, og/eller som kan vere eigna til å påverke den einskilde sine haldningar og/eller handlingar. Dette gjeld likevel ikkje gåver eller fordelar av mindre og/eller symbolsk verdi. Folkevalde og tilsette som kjem i ein situasjon der han/ho vert tilbydt gåver eller fordelar som er i strid med desse prinsippa, skal takke nei og informere om Herøy kommune sine etiske prinsipp.
- c. Folkevalde og tilsette skal som hovudregel berre ta del på konferansar, seminar, reiser og bevertning m.m. som vert dekt av Herøy kommune. Unnateke er slik deltaking i regi av andre offentlege samarbeidspartar, slik som kommunar, direktorat og departement eller liknande. Det same gjeld deltaking i regi av private partar, organisasjonar og liknande, som kommunen allereie har eit avtalt samarbeid med. Folkevalde og tilsette skal, i kraft av eller

under utøving av sitt verv, stilling eller rolle, ikkje under nokon omstende akseptere ferie- eller fritidsliknande reiser og/eller opphold, som er betalt av andre.

- d. Herøy kommune nyttar Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar «Veileder om gaver i tjenesten» som rettesnor. Rettleiaren vert nytta so langt han høver innanfor kommunal sektor.
- e. Folkevalde og tilsette skal unngå å kome i situasjonar som kan føre til konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser, slik at tilliten til at vi er upartiske kan verte svekka, jf. Forvaltingslova § 6.

Kravet til objektivitet kan også gjelde høve som ikkje formelt kjem inn under reglane for gildskap i lova. Døme på slike interessekonfliktar kan vere:

- o Forretningsmessige tilhøve til tidligare arbeidsgjevar eller kollegaer
- o Løna attåtarbeid som kan påverke arbeidet i kommunen
- o Engasjement i interesseorganisasjonar eller politisk verksemd som vedkjem sakar som den einskilde arbeider med i kommunen
- o Styreverv som kan kome i konflikt med arbeidet
- o Personlige økonomiske interesser som kan føre til at vi kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve til verksemda i kommunen
- o Familiære og andre sosiale samanhengar

6.4 Redelegheit og ærlegheit

- a. Folkevalde og tilsette skal ikkje bruke kommunen sine maskinar, bilar og anna utstyr privat.
- b. Folkevalde og tilsette skal aldri nytte informasjon ein har fått kjennskap til i tenesta for å oppnå personlege fordelar, eller nytte denne for å skade andre. All informasjon som vert gitt i samband med verksemd for kommunen skal vere korrekt og påliteleg, og ikkje med vilje gjevast og/eller gjerast tvitydig.
- c. Folkevalde og tilsette skal avstå frå kjøp av seksuelle tenester i samband med reise eller oppdrag for kommunen.
- d. Folkevalde og tilsette skal ikkje bruke brevhovud, logoen til kommunen eller kommunal e-post i privat korrespondanse eller annan privat samanheng.

6.5 Ansvarlegheit og respekt

- a. Folkevalde og tilsette i Herøy kommune skal opptre i samsvar med kommunen sine verdiar, som kjem fram av til ein kvar tid gjeldande arbeidsgjevarpolitikk.
- b. Folkevalde og tilsette skal utvise måtehald med bruk av alkohol når ein representerer kommunen på tilstellingar m.v. der alkohol vert servert.
- c. Folkevalde og tilsette skal i sitt virke for kommunen søkje å ta miljømessige omsyn for å bidra til reduksjon av utslepp av klimagassar og forureining.
- d. Folkevalde og tilsette har eit sjølvstendig ansvar for å ta opp på førehand med ordførar eller rådmann i høve ein er usikker på.

6.6 Openheit

- a. Folkevalde og tilsette skal opptre med openheit kring eiga rolle og verksemd for kommunen, og på eige initiativ gi opplysningar til overordna/overordna organ om private engasjement eller interesser (medlemskap i organisasjonar, styreverv, økonomiske interesser m.m.) Kommunen kan opprette register for slike opplysningar.
- b. Varsling om kritikkverdige forhold i høve desse prinsippa skal skje etter eigne rutinar for varsling.

6.7 Sosiale medium

Herøy kommune ynskjer aktive og engasjerte folkevalde og tilsette. Den som er aktiv i sosiale medium vil kunne vere ein god representant for kommunen.

Alle bør vere medvit om følgjande:

- Vi er open om kvar vi er tilsette
- Skilje mellom rolla som privatperson og som representant for kommunen kan vere vanskeleg. Vi skal vere tydelege på om vi deltek som privatperson eller som representant for kommunen
- Tilsette skal som hovudregel ikkje nytte sosiale medium som privatpersonar i arbeidstida
- Vår bruk av sosiale medium skal ikkje svekke vår integritet som representant for kommunen
- Vi skal nytte same normene for sosial omgang i den digitale verda som vi gjer elles. Sosiale medium er ikkje ein fristad
- Tilsette og folkevalde har ytringsfridom, men teieplikta gjeld også i sosiale medium
- Hugs at vi kan påverke kommunen sitt omdøme gjennom vår deltaking på sosiale medium
- Vi omtalar kollegaer og tilsette positivt o ikkje nytt bilete utan samtykke
- Vurder nøye i kva grad ein skal nytte sosiale medium i samband med brukarkontakt
- Tenk over kva ein skriv, legg ut og likar. Vi er personleg ansvarleg for det vi publiserer
- Hugs at det som vert publisert på internett vert verande på internett. Vis aktsemd!

6.8 Oppsummering og sanksjonar

Vi som folkevalde og tilsette på alle nivå har eit sjølvstendig ansvar for å sikre at framferda vår er i samsvar med kommunen sine etiske prinsipp og verdiar.

Herøy kommune sin visjon er: Ei båtlengd føre

6.9 Folkevalde sitt ansvar

Folkevalde skal vere medvitne sitt arbeidsgjevaransvar og opptre profesjonelt som arbeidsgjevar. Kritikk og attendemelding til administrasjonen skal rettast til kommunedirektøren. Dei tilsette skal ikkje oppleve å verte omtala negativt i kommunestyret eller i media.

Dei etiske prinsippa skal gjennomgåast for folkevalde i samband med politikaroplæringa etter kvart val.

Folkevalde skal vende seg til ordførar i tilfelle ein er i tvil.

6.10 Leiaransvar

Leiarane skal vere føredøme, og skal gjennom si åtferd og leiing fremje gode etiske verdiar, i tråd med kommunen sine etiske prinsipp. På same måte har leiarar på alle nivå eit særskilt ansvar for å tydeleggjere dei etiske prinsippa, og leggje til rette for at desse vert praktisert.

Kommunen sine etiske prinsipp skal vere gjenstand for drøfting og diskusjon i kvar avdeling minst ein gong per år. Nye medarbeidarar skal gjerast kjend med dei etiske prinsippa ved tilsetting. Alle leiarar har ansvar for å melde brot med dei etiske prinsippa vidare i lina.

Leiarar skal vende seg til nærmeste leiar i tilfelle ein er i tvil.

6.11 Tilsette

Alle tilsette pliktar å gjere seg kjend med dei etiske prinsippa, og har eit personleg ansvar for å rette seg etter desse på best mogleg måte.

Tilsette skal vende seg til nærmeste leiar i tilfelle ein er i tvil.

6.12 Sanksjonar


Dei etiske prinsippa er forankra i politisk vedtak, ulike regelverk og retningsliner. Brot på dei etiske prinsippa vil verte handsama som ei personalsak, med tilsvarende personalreaksjonar for tilsette. Ved misstanke om lovbrot, som t.d. underslag og korruption vil saka verte meld til politiet.

6.13 Vurderingsmodell – etikk og lov

Ei handlinga kan vere lovleg, samstundes som handlinga er å rekne som uetisk. Motsett kan ei handling i teorien vere etisk innanfor, men likevel ulovleg. Det er med andre ord skilnad mellom lov og etikk. Det vil sei at lov og etikk ikkje alltid er samanfallande. Medan lov er vedteke av Stortinget og gjeld for alle i Noreg, kan etikk skilje seg i ulike miljø.

Av di etikk kan vere noko ulik, har Herøy kommune sett nokre prinsipp som skal gjelde for alle folkevalde og tilsette i vår organisasjon. Desse prinsippa er ikkje uttømande, men dreg opp nokre retningsliner og gjev nokre dømer på kva som vert rekna som etisk og ikkje.

Som eit hjelpemiddel ved vurdering av det einskilde høve (handling/resultat) kan ein nytte følgjande modell:



Grønt lys: Høve (1) er både etisk forsvarlege og held seg innanfor gjeldande lovverk.

Gult lys: Høve (2) er lovleg, men har eit uetisk moment, t.d. ved at resultatet kan verte uetisk. Før ein kjem fram til ein endeleg konklusjon, må ein vurdere høvet (handling og resultat) konkret og heilskapleg.

Raudt lys: Høve (3) er både ulovlege etter gjeldande lovverk og uetisk.
Høve (4) er etisk forsvarleg, men er ulovleg etter gjeldande lovverk.

Vedlegg:

Oversikt utval, råd, styre